

Nr. 2 - 2008 - 32. årgang

# eggde



**Bli med på tur til Nes Jernverk og  
Holt prestegard og middelalderkyrkje  
28. september**

Sjå side 23

Agder Historielag

Lokalhistorie siden 1914

**Opplag:** 1100

**Besøksadresse:**

(Etter avtale)  
Gyldenløves gate 11,  
3. høgda  
Kristiansand

**Postadresse:**

Postboks 136  
4662 Kristiansand

**Telefon:** 97 06 44 85

**E-post:**

kontakt@agderhistorielag.no

**Heimeside:**

agderhistorielag.no

**Ansvarleg redaktør:**

Borghild Løver  
Tlf: 97 06 44 85

**Artikkelforfattarar:**

Beint Foss  
Anne-Berit Erfjord  
Torhild Austad  
Magnhild Rygg  
Per Gundersen  
Olaf Moen  
Borghild Løver  
Torjus A. Skjævestad  
Liv Kirsten Rølland  
Svein Ø. Berge

**Grafisk tilrettelegging  
og produksjon:**

**GRAFISK PARTNER**

Henrik Wergelands gt. 50B  
Pb. 384, 4664 Kristiansand  
Tlf. 38 02 19 12  
Fax 38 02 16 12  
E-brev: post@gpartner.no

**Framsidedeilete:**

Verksområdet på Nes Jernverksmuseum  
med masomnsbygningen og vassrenna anno  
2007.

Foto: Næs Jernverksmuseum

# Lederen har ordet

## Henrik Wergeland

Vi gratulerer Wergelandselskapet med feiringa av Henrik Wergeland, og for brei og variert markering av jubileet. Den daglige lederen på Wergelandsenteret, Irene Haugen, og lederen av Wergelandselskapet, Jahn Thon, har hendene fulle ut dette året med planlegging og gjennomføring av en rekke arrangementer. Wergeland omtales gjerne som en av de største lyrikerne i Norge, men han var også en eminent «bråkmaker» og debattant i tida. Han kvasset stadig pennen sin, men produserte både harde og myke skriftlinjer. Evnen til å se ting fra den kalde virkelighet på de fattiges side stod i klar kontrast til evnen å kunne se ting fra et barns kreative fantasiverden. Det var ingen tvil om at han mestret begge deler, noe som nok også er noe av grunnen til at han blei så folkekjær og elsket – hele 200 år etter sin fødsel i Kristiansand – den 17. juni 1808. Agder Historielag slutter seg til gratulantene og feirer gjerne og lenge; ta en titt på nettsida [www.wergelandselskapet.no](http://www.wergelandselskapet.no) for å se om det er noe du ikke bør gå glipp av i nærmeste framtid!

## Lokalhistorie og identitet

Lokalhistorie er i vinden som aldri før. Aldri har det vært så mange historielag, og aldri har det vært større interesse for lokalhistorie. Det er sikkert flere årsaker til dette. En av dem kan være at samfunnet i dag er så globalisert og internasjonalsert at mange føler behov for å forankre seg i den lokale, nære historia fra der man vokste opp eller der man bor. Og for de fleste av oss henger nok dette også sammen med behovet for en identitet; å vite hvem vi er og hvor vi kommer fra. Å kjenne og forstå fortida er også et viktig



FRAMH. NESTE SIDE

bidrag til å forstå sin egen samtid – og framtid. Faktisk oppleves dette som et være eller ikke være for mange av oss; som individer; som bygd og by og som nasjon. De aller fleste mennesker trenger å høre til et sted og kjenne seg hjemme. Og her er vi framme ved en av kjepphestene mine: Å få i gang arbeidet med å lage små oversiktlige lokalhistoriske kom-

pendier til bruk i barneskolen; passende område kan være kommunegrensene før 1965. Hjemme i Tveit (i Kristiansand, egen kommune til 1965) er vi i full gang og alle som er interessert i tanker og idéer om prosjekter er velkommen til å kontakte undertegnede. Ha en fortsatt fin høst!

Beint Foss

# Skrivaren har ordet

*Gode historievener!*

## Stoff til EGDE

Eg gjentek meg sjølv frå sist: Tusen takk for at de sender inn årsskrift til EGDE, det set me utruleg pris på! Det er moro å omtale dei ulike hefta og gje medlemene eit innsyn i den variasjonen og mangfaldet som finst rundt om. Det er mange historielag som har sendt oss årsskrift eller hefte dei har gjeve ut. Eg vil rette ei stor takk til bokmeldarane våre: Dei gjer ein sær s viktig jobb for oss som me set stor pris på. Og til alle som les EGDE og er nysgjerrige på både eige og andres sogestoff; nøl ikkje med å sende inn stoff. Særleg viktig tykkjer me det er med jubiléumstilskipingar.

## Ta turen til Nes Jernverk i haust

Turnemnda har sett opp tur til Nes Jernverk den 28. september, og her oppmodar me alle interesserte til å kome! Det kostar ikkje mykje; berre billetten til muséa. Etter Nes dreg me ned til Holt prestegard og middelalderkyrkja like ved, med Øyvind Bjorvatn som lokalkjend forteljar. Møt fram klokka 12.00 på Nes søndag 28. september!

## Nye vedtekter

På årsmøtet i april vart dei gamle vedtektene oppdaterte. Sjølv om me la ned ein del arbeid i dette, kom det fram innspel under årsmøtet som me gjerne vil ha inn i vedtektene, me kjenner oss difor ikkje «ferdige» med desse. Dessutan vart det ein liten unøyaktigheit mellom vedtektene prenta i EGDE og dei som vart lagt fram på årsmøtet. Dette gjeld relativt uvesentlege moment, men me må like fullt ta

dei punkta det gjeld opp til nytt vedtak. Årsaka til dette var at eg jobbar både med minnepenn på bærbar pc og på stasjonær pc – og då kan det vere vanskeleg å hugse kva for ein versjon som er nyast...

Dei punkta i vedtektene som er utheva med feit skrift, skal opp til handsaming på årsmøtet våren 2009, sjå side 27–28.

Som alltid er telefonnr. mitt 97 06 44 85 til meg og Agder Historielag om det er noko du lurar på eller vil tinge.

Sjåast på Nes Jernverk!

Borghild Løver



# Kvinesdal Historielag på Island

**3.–8. august hadde historielaget tur til Island. 33 personar + reiseleiar kom heim etter ein tur med mange opplevingar. Turen var lagt opp etter ynskje frå laget og dagane blei lange og innhaldsrike.**

**1. dag:** Etter landing på Keflavik, gjekk turen rett til den Blå Lagune, ei herleg varm kjelde midt ute i eit aude lavalandskap, der dei fleste prøvde vatnet. Neste stopp var Tingvellir der det islandske Alltinget heldt til i 868 år. I tillegg til det historiske, er det eit spanande naturområde med Tingvallavatn som er største innsjø på Island, elva Øxará og kløfta Almannagja.

**2. dag:** Etter ei natt i Hveragerdi, gjekk turen mot nord. Fyrste stopp var i Skálholt som var bispesete fram til 1785 og som var og er eit viktig kultursenter. Så var det Geysir-området. Gamle Geysir er det lite fart i nå, men Strokkur ved sida har utbrot mange gonger i timen. Og på heile området bobla og

kokte det. Elva Hvitá kjem frå breane og lagar Gullfoss som er ein av dei vakraste og mest sette fossane på Island. Herfrå såg vi Langjökull som vi seinare skulle sjå i fleire timar på veg over Kjölur. Denne humpete grusvegen er sommarveg og går mellom to isbrear. Einaste «oasen» i dette aude området, er Hveravellir i Hvinverjadalen. Vi måtte sjølv-sagt stansa her på staden der Torgeir frå Kvin budde ein vinter. Her er varme kjelder, ein liten turiststasjon og ein meteorologisk stasjon. Vikingane brukte truleg 4–5 dagar på rideturen frå sør til nord. Vi kom til sivilisasjonen same dag og vidare mot Akureyri. Her var grønne dalar med fine sauebeite og jorde fulle av kvite eller grønne høypallar.

**3. dag:** Akureyri er sentrum i Nordlandet. Byen ligg i botnen av Eyafjordur og i området var det fleire landnåmsmenn frå Kvin som busette seg. Gudmundur Sigvaldason, som var i Kvinesdal på Utvandrerfestivalen i 1998, var med oss denne dagen. Han viste oss Kræklingalid og Glerå der Åsgrim og Åsmund Ondottsøner slo seg ned. På Kristnes budde Helge Magre og sanneleg fekk vi òg helsa på «Helgi Magri» på Kristnes. Bussturen gjekk

*Kvindolar i Hvinverjadalur.*  
FOTO: JOHANNES HAMRE





Snorralaug. FOTO: JOHANNES HAMRE

så til Husavik og Tjørnes. Her måtte Botolf frå Kvin slå seg ned fordi båten hans blei øydelagt. Sonen Skjegge tok land på Miklagard (no Gardur) i Kelduhverfi som ligg sør-aust for Tjørnes. Gudmundur som var med oss, har vakse opp på garden til Skjegge og er no rådmann i Kræklingalid. Dette området i nord med dalar og fjord kunne nok minna landnåmnmennene om Kvin, men har høgare fjell enn Kvinesfjorden som var det gamle namnet på Fedafjorden.

Etter ein god lunsj i Husavik, gjekk turen til Myvatn-området. Dette er eit av dei mest

vulkanske områda i verda med lavamarker, kraterar, varme kjelder og mudderpølar. Siste store utbrot var i 1980-åra og det er skjelv mest dagleg. Godafoss er namnet på fossen vi såg etterpå. I år 1000 kasta høvdingen Torgeir Torkelsson alle gudebileta sine i denne fossen. Island skulle då gå over til kristendomen. Om kvelden kom vi til Hotell Natur på sørsida av Eyafjordur. Dette var ein bondegard som var bygd om for turisme og her følte vi oss heime.

**4. dag:** Dagen etter starta med ein tur i

**FRAMHALD NESTE SIDE**

Vår islandske venn Gudmundur.  
FOTO: JOHANNES HAMRE



Botanisk Hage og kyrkja i Akureyri. Kyrkja har fleire glasmaleri som blei flytta frå katedralen i Coventry under krigen. Så blei det ein lang køyretur på Ringvei 1 til Reykjavík. Vi fekk med ein tur til Reykholt på staden til Snorre Sturlason og ein stans i Borgarnes med minnesmerke etter Egil Skallagrimsson.

**5. dag:** Dagen starta med omvising i Hallgrímskyrkja. Kyrkja ligg på ei høgd og har eit imponerande tårn. Utanfor står ein statue av Leiv Eriksson. Vi hadde og ein stans ved huset Høfdi og tur til Perlan som er bygd over ein kjempestor varmtvasstank med eit platå og ein rund glaskuppel med ein roterande restaurant. Ettermiddagen blei brukt på eiga hand, for nokon starta det med ein konsert i domkyrkja.

**6. dag:** Buss til Keflavík og fly heim. Landskapet var det som fascinerte oss mest på Island, frå gråsvart lava og boblande kjelder, til flotte grønfargar, fossar, isbrear, breelver og fjell. Og her var ikkje tre som stengde for utsynet. Både ved Tingvellir og i Myvatn-området var vi ved rifta som deler Island i to. Her møtest dei amerikanske og dei europeiske kontinentalplatene.

Risdal Touring i samarbeid med Turid Om-land hadde lagt opp turen. Dei hadde òg ordna det så vi fekk ein fantastisk flink guide og ein sikker sjåfør.

**Anne-Berit Erfjord**

*Tingvellir med Almannagja. FOTO: ANNE BERIT ERFJORD*



# Selskapet for Grimstad Bys Vel

## Medlemsskrift 51–2007

Ein bør kan hende vere frå Grimstad for å riktig finne dette skriftet spennande, men det har så absolutt sine høgdepunkt, sjølv for ein lesar som ikkje har noko med Grimstad å gjere. For det handlar mest om interessa for lokalhistorie. Det vert diverre noko for mykje prega av gratulasjonar av jubilarar som har vore med i foreininga. Og det gjer til at det kjenst vél lokalt, og eg kjem ikkje til å seie noko om desse.

Heftet, i uinnbunden A5-format, er på 90 sider, inkl. 20 (!) sider med reklame. Mykje av heftet er årsmeldingar og protokollar, noko som er av stor interesse for medlemene, og er difor viktig å ha med. Det er tre hovudartiklar, av heilt ulik karakter. I den fyrste artikkelen har Knut Øvensen teke før seg den gamle skulevegen frå Maløya til Frivoll i 1930 og – 40-åra. Han byrjar med å seie noko om Maløya si eldre historie, og dannar eit godt grunnlag for lesarar utan tilknytning til staden. Og det er ei lang og mangslungen historie ein får servert, med mange artige småhistorier som er fletta inn, og krydrar artikkelen på ein god måte!


Per Assev har skrive eit stykke om ei adresse – nemleg Storgaten 46. Det er eit hus med mykje historie i veggane. Heilt frå det vart bygd i 1855 og til dags dato har det vore fylt av aktivitet, anten det har vore snikkerarverkstad, sjømannsskule eller prestebustad. Det har endå vore dyrehald her; huseigaren dyrka poteter og hadde gris, medan ein av leigetakarane heldt hest, og hadde eit storfe og ein gris! I 1866 budde det heile 44 personar på eigedomen (fordelt på 6 hushald), medan det i 1900 var nede på eit meir normalt nivå med 18 personar. Kommuneadministrasjonen har nytta lokale på eigedomen sidan 1890-åra, og held framleis til her med Kvalifiseringstenesta.

I artikkelen om Grimstadbanen fortel Odd Fr. Olsen om historia til den vesle jernbanestubben mellom Rise og Grimstad. Den opna september 1907, og vart ein stor festdag! Då hadde Grimstad hatt eigen jernbanekomite sidan 1874, det var for å sikre seg at Sør-

landsbanen (eller Vestlandsbanen som han vart kalla) som då var planlagt, skulle få eit sidespor til Grimstad. Det vart ingen Vestlandsbane, og Grimstad kommune tok saka i eigne hender. Dei byrja å bygge ein lokal og privat jernbane. Opphavleg skulle han gå til Froland, men det fekk halde med Rise, og 1903 kunne arbeidet byrje. Banen vart diverre ikkje særleg innbringande, og i 1912 måtte dei be NSB om å overta drifta. I 54 år greidde jernbanen seg, og «Risemerra» tøffa trufast att og fram til Rise. Men i august 1961 vart det slutt, og før snøen låg det året var heile skinnegangen fjerna.

Er du frå Grimstad, eller har interesse for byen, er dette eit interessant lite hefte! Men for dei fleste andre vert det diverre noko i overkant lokalt. Noko som sikkert er meininga. God lesnad!

Olaf Moen





*Tunet på Lindhommen gard var heilt tjukt av folk under kulturdagen om laurdagen.*

# Gratulerer Fjotland!

**Siste helga i august vart Fjotland sett på kartet 3 dagar til ende med ei beint fram fantastisk feiring av Ivar Aasen, nynorsk liturgi og skulemål. Med eit publikumstal på mest 800 to-talt, vart det suksess frå ende til annan.**

Med eit program som famna alle frå grunnskulealder til pensjonistnivå, vart det ei brei og solid feiring. Odd Nordstoga Trio (med Daniel Sandén Warg og Thomas T. Tofte) og Enny og Helene Stulien Lauen heldt ein nydeleg konsert om fredagskvelden. 270 publikummarar fekk med seg dette ute i skulegården på Kvinlog skule – skulen som skapte så stor spaning i samband med skulerøystinga for eit års tid sidan, og som no feirar 100-års-

jubileum for nynorsk som skulemål. Som vel alle målfolk hugsar med stor glede, så røysta heile 73,8% ja for nynorsk skulemål.

– Kva var då meir naturleg enn å leggje konserten nett her, seier ein av dei ivrigaste eldsjelene for feiringa, Tom Arnt Lindeland.

– Me visste tidleg at me ynskte å gje skulelevane gratis konsert, held han fram, og la difor opp til eit budsjett som tok høgde for dette.

– Me måtte med andre ord leggje mykje arbeid i å få tak i sponsorar og leggje til rette heile tilskipinga, men det betaler seg; for me kan vel røpe så pass at me ikkje kjem til å gå i underskot, legg Dag Runar Egeland til.

– Det har vore stor velvilje og stor støtte frå alle me har vore i kontakt med, så dette har berre vore moro, fortel Kåre Narvestad, som òg har vore aktiv i tilskipingskomitéen.

Leiar i Kvinesdal Mållag, Are Jerdal, hadde all grunn til å smile nøgd over ei fantastisk feiring i mållagets regi, og rettar ei stor takk til alle som har gjeve støtte til tilskipinga, og er særskild takksam over det gode samarbeidet med Kvinesdal Historielag og Fjotland Sokneråd.

**Odd Nordstoga** hadde rett nok vore i Kvinesdal og spelt før, men aldri i Fjotland. Han kjem frå tjukkaste Telemark, og held nynorsken ved like som det naturlegaste i verda.

– Eg hadde nok ikkje fått jobb her viss ikkje, gliser han.

– *Kva råd har du å gje elevane på denne skulen som ynskjer å halde på skrift- og tale-målet sitt?*

– Dei må IKKJE drive og skifte til bokmål når dei byrjar i vidaregåande skule. –Det er absolutt ikkje naudsynt. Bokmål lærer du deg likevel, fortel han. Viss du held på nynorsken og er sta på det, så viser du omverda at du har bein i nesa – og får slik sett ein betre karriere enn dei som ikkje gjer det, meiner han..

Til oppvarmingsband for Nordstoga hadde tilskiparane hyra inn den populære Stulien Lauen-familien ved tvillingane Enny og

Helene (12), Synnøve (6), mor Grete (39) og far Øystein (44). Dei fall i god smak blant dei yngre, særleg gutedelen av publikummarane.

**Kulturdagen om laurdagen** byrja med eit samarbeid med Kvinesdal Historielag, som hadde fått Arild Stakkeland til å kviste ei to timars løype langs ein gamal saueveg frå Krågeland til Lindhommen. 65 menneske tok seg tid til å nyte denne turen i det strålende vêret som heldt seg over Fjotland heile helga.

På Lindhommen møtte det fram over 200 menneske som fekk med seg tradisjonsmat frå Torvløbakken gard og musikk/song av Sverre Eftestøl, Wenche Hunsbedt Svindland, Oddbjørn Stakkeland, Kenneth Trælendshei og Svein Arne Myhren.

Det er 150 år sidan Ivar Aasen kom på samlarferd til Lindhommen i Fjotland, der han vart verande ein kveld og ei natt og fekk seg ein god prat med «Tosten». Ikkje mykje er skrive om dette møtet, men Svein Arne Myhren fekk tankeprosessane i gang hjå publikum ved å fabulere rundt møtet mellom Tosten og Ivar. Tosten viste seg å vere «meget snakksom», jfr. Aasens eigne notat, men merkelegare er det at Aasen hadde vore ei heil veke på Feda nokre år tidlegare.

**Aasen-ekspert Svein Arne Myhren**, opphavsmannen bak idéen om å slå saman feiringa av 90 år med nynorsk liturgi, 100 år med nynorsk skulemål og 150 år sidan Ivar Aasen-vitjinga, tok føre seg nokre av dei mest typiske Fjotlandsorda som Aasen samla inn på si ferd og utviklinga av nynorsken i Fjotland for 100 år sidan. Han slutta sitt framifrå føredrag med ei sterk, symbolsk handling: Planting av ei lita Aasenbjørk på tunet i Lindhommen, ein genetisk kopi av det opphavlege Aasentreet som stod i tunet til Aasen då han vaks opp.

**Kåsør og rikssynsar Andreas Hompland** fylgde opp der Myhren slapp, og gjekk inn på utviklinga for Fjotland og nynorsken frå hans ungdomstid og fram til i dag. På sin vanlege, slentrande kvinesdalsdialekt fekk han fram poeng og spark hit og dit, mellom anna til alle målfolk med raude pennar. Han ymta òg fram-

**FRAMHALD NESTE SIDE**

*Det var folk på båe sider av midtgangen både nede og oppe på galleriet då jubileumsgudstenesta i kyrkja tok til.*



## FRAMHALD FRÅ FØRRE SIDE

på om at Aasen hadde vit til å setje pris på å ha ei vakker jente, ei såkalla dulle, på fanget i ny og ne, noko mållaget tykte var upassande informasjon, fortalde han. Han ville i så fall ikkje vere den fyrste mannen som likte det. Han påstod at nynorskfolk som ikkje kom frå det rettskrivande vestlandet var forsømde og forfylgde. Like fullt gav han klår melding om at fjotlendingane har halde på identiteten og sjølvkjensla; «Me er noko anna enn dei andre, me er ikkje sørlendingar, men frå dalstroka innanfor – og ser ikkje ting sørfrå, men bakfrå.»

**Jubileumsgudstenesta** i Fjotland kyrkje om sundagen var i samarbeid med Fjotland sokneråd og sette eit verdig punktum for 90-årsfeiringa av nynorsk som liturgispråk. Kyrkja var mest fullsett med sine godt over 200 kyrkjegjengarar, og fekk mellom anna høyre salmen Eg veit ei himmerik ei borg med Randi Helle.

I Fjotland kyrkje denne dagen vart nynorsk brukt under barnedåpen, ved presentasjonen av det komande konfirmantkullet, presentasjonen av 50-årskonfirmantane som var til stades – og sjølv sagt i den (u)vanlege gudstenesta som presten Gunnar Tregde Pedersen heldt med stor innleving. Sjølv om han har vore tilsett som prest i berre eit års tid, har han for lengst sett det positive i at det er ein eigen identitet og særskild sjølvkjensle i Fjotland, og gjorde plass til dette i gudstenesta ved å ta



Aasenbjørka har fått sin kloning på sørlandet; her er det eigar av Lindhommen, Kåre Egebø (tv), og skrivar i Kvinesdal Mållag, Dag Runar Egeland, som utfører den symbolske plantinga under påsyn av Svein Arne Myhren og dottera heilt til venstre.

med Eieslandversjonen av Min båt er så liten: Min traktor er så liten, min åker så stor...

**Jubileumskake og kaffi** vart servert alle på kyrkjebakken saman med nokre nynorske, liturgiske poeng av Svein Arne Myhren. Fjotland var den fyrste kyrkjelyden i Vest-Agder som tok til med nynorsk liturgi (1908) etter at Stortinget opna for dette i 1907.

Men nynorsk salmebok kom aldri til Fjotland fordi ein meinte at «Guds velsigning ikkje fylgde dei nynorske salmane». Det som er heilt sikkert, er at med det smellvarme vêret som mållaget vart velsigna med heile helga, så er det ingen tvil om at Gud er nynorsk.

**Av Borghild Lover**

*Ein kulturdag utan like med den perfekt opphøgde scena; ein fjellknaus ved tunet i Lindhommen, her fv. Oddbjørn Stakkeland, Wenche Hunsbedt Svindland og Sverre Eftestøl.*

*Kåsør Andreas Hompland rynker på nasa over strenge og snerpute målfolk.*



# Årsskrift fra Vestre Moland og Lillesand Historielag

Årsskriftet er det ellefte i rekken og er på 107 tekstsider.

Årsskriftet har viet stor plass til «et lite utsnitt av historien om Vestre Moland, Høvåg og Birkenes for 360 år siden» og til skildringer om hvordan det var å være kvinne ombord i seilskutene på 18- og 1900 tallet.

Artikkelen om Vestre Moland, Høvåg og Birkenes for 360 år siden er skrevet av Halvard Bjørkvik. Denne artikkelen tar oss med tilbake til ei tid der det ikke var så vanlig å eie den gården man bodde på. Mange gårder var eid av presteskaper, andre av adelen. Vi får også en god innføring i hvordan skyldspørsmålet ble regnet ut (skatten) og det kan nevnes i den sammenheng at gårder eid av adelen eller presteskaper var fritatt for skatt. Det gis også en innføring i hva huder og skinn betydde og hva en oppsitter eller leilending var. Dette er betegnelser de som driver med slektsgransking ofte møter. Med i artikkelen er oversikter over alle gårder innenfor området som var eid av presteskaper og størrelsen på gårdene. Det er også en oversikt tilsvarende for de gårder som var Krongods og til slutt en total oversikt over alle gårdene i Vestre Moland, Høvåg og Birkenes i 1647. Originalnavnet slik det var stavet på den tiden står også. Det vises til kilder og litteratur på slutten av artikkelen.

Artikkelen Minnebøker av Kari Michelsen tar for seg denne tradisjonen som vi nok alle har vært inno. Enten skrevet i ei minnebok eller eiet en selv der venner og bekjente har skrevet hilsener. De eksemplene som er gjengitt, viser nok at de var mer høytidelige på 1800-tallet enn i vår tid, men noen kan en nikke gjenkjennende til.

Isvinteren 1941/42, beskrevet av Marta Svendsen, har også fått plass i årsskriftet. Artikkelen har bl.a. bilde tatt fra Lillesandsfjorden mot bebyggelsen med kirka i bakgrunnen, 15.4.1942.

Historien om Rosenberg på Sandsmyra -



hus og folk gir oss historien om opphavet til navnet og i tillegg hvem som har bodd der helt frem til idag, skrevet av Kari Michelsen, som er den siste omtalte av slekta.

En større del av årsskriftet er viet kvinners opplevelser ombord i seilskip på 1800- og tidlig 1900-tallet. Artikkelen er bygget på utstillingen «Hustru, barn og søster ombord på seilskip».

Mye er basert på dagboka til Grethe Nielsen som reiste med sin mann som var kaptein, årene 1885, 1887 og 1904. Artikkelen tar

for seg vind, strøm og seilingsforhold, forklaringer på sjuttrykk, på hvordan det var å ligge under land og ei tegning av seilskip med en totaloversikt og navn på samtlige seil på en 3-master. Artikkelen er rikt illustrert med mange bilder og kart. Artikkelen «Grethe Nielsen paa hendes Søreiser» er skrevet av Bergliot Øie Johansen mens artikkelen «Hustru, barn og søster ombord på seilskip» er ført i pennen av Alvhild Gulbrandson, som også har skrevet en kort artikkel om bruken av såkalt «Dueflagg».

Sist er det en artikkel om Grisøya, av John Gustav Johansen. Her kan en lese historien om gården helt tilbake til 1600-tallet om familien som bodde her, med henvisning til kilder for dem som vil finne ut mer.

Redaktør for årsskriftet er Kari Michelsen, som i tillegg er styremedlem i historielaget. Styret fungerer også som redaksjonsråd for årsskriftet. Vil du ha tak i årsskriftet, kan du få kjøpt det i den lokale bokhandelen i Lillesand eller i Lillesand Sparebank.

I styret sitter Magne Songvoll, leder, Hans Olav Berntsen, nestleder, Vigdis Vestheim, sekretær, Kari Michelsen og Kristian Sundtoft, begge styremedlemmer.

Liv Kirsten Rølland

# AGDERSEMINARET 2008

---

## REGIONEN - HISTORISKE PERSPEKTIVER, AKTUELLE UTFORDRINGER

**Agderseminaret** viderefører en lang tradisjon for årlige samlinger om regionalhistoriske emner. Årlige "Sommerseminar i historie" ble holdt fra 1976 og frem til for få år siden, med god oppslutning. I 2007 tok Rådet for *Forskernettverk Agder* initiativ til å gjenopprette denne gode tradisjonen, med et seminar lagt til høsten. Siktemålet er nå som før, å nå det allmenne publikum med interesse for landsdelens historie, samtidig som det blir lagt vekt på å holde høy faglig standard.

**Forskernettverk Agder** ble etablert i 2006 som et tiltak for å fremme forskning om og formidling av Agders historie. Nettverket omfatter samtlige av landsdelens institusjoner med faghistorikere i staben, samt Historisk forening Agder (HIFO-Agder). Rådet for Forskernettverk Agder består av representanter for Universitetet i Agder (UiA), Vest-Agder-museet (VAM), Statsarkivet i Kristiansand (SAK) og Aust-Agder kulturhistoriske senter (AAks).

**Årets seminar** retter søkelyset mot regionsproblematikk. En rekke foredrag ved historikere og samfunnsvitere vil bidra til økt innsikt i de grunnleggende betingelsene for Agder som region, og framheve dagsaktuelle utfordringer knyttet til regional identitet og politiske veivalg. Emnet blir belyst i komparativt perspektiv, der Agder er sett i en videre nasjonal, nordisk og europeisk sammenheng.

**Agderseminaret 2008** arrangeres av Institutt for religion, filosofi og historie, UiA  
Ansvar for praktisk arrangement: Nils Justvik, Inger Lin Baade.  
Faglig ansvarlig: Bjørg Seland

## PROGRAM FREDAG 10. OKTOBER

- 1030: Frammøte, registrering, enkel servering
- 1100: Åpning ved Per Kristian Egeberg, viserektor ved UiA
- 1115: Jan Erik Grindheim: *Hva er en region? Norsk, nordisk og europeisk perspektiv*
- 1200: Kjell-Olav Masdalen: *Agder - region og grenseland i et administrasjonshistorisk perspektiv*
- 1245: Enkel lunsj
- 1345: Kjell Bråstad: *Agder - del av en Skagerrak-Kattegat-region?*
- 1430: Dag Hunstad: *Konstruksjonen av sørlandsregionen i historisk perspektiv*
- 1515: Pause
- 1530: May-Linda Magnussen: *Kjønnsroller på Sørlandet - regionale særtrekk?*
- 1615: Diskusjon
- 1645: Avslutning
- 1800: Ekskursjon til Gimle gård, omvisning og kåseri ved Jan Henrik Munksgaard
- 2000: Middag

## PROGRAM LØRDAG 11. OKTOBER

- 1000: Einar Niemi: *Nord-Norge. Oppfinnelsen av Norges første moderne region*
- 1045: Nils Kolle: *Korleis oppsto ideen om Det vestafjelske - og om Vestlandet?*
- 1130: Enkel lunsj
- 1230: Arne Isaksen: *Næringsutvikling og regionbygging. Utfordringer for Agder*
- 1315: Jon P. Knudsen: *Agder som region. Politiske utfordringer*
- 1400: Oppsummering og diskusjon
- 1445: Avslutning

Det tas forbehold om programendringer

# AGDERSEMINARE I 2008

## REGIONEN - HISTORISKE PERSPEKTIVER, AKTUELLE UTFORDRINGER

### ARRANGØR:

Institutt for religion, filosofi og historie, Universitetet i Agder, i samarbeid Forskenettverk i Agder, HIFO-Agder og Agder Historielag



Kartgrunnet er levert av Kristiansand oppmålingsvesen

### PÅMELDING:

Elektronisk påmelding :

<http://www.uia.no/content/view/full/64500>

Evt. send påmelding innen 30. september til Universitetet i Agder, Fakultet for humaniora og pedagogikk, v/Inger Baade, serviceboks 422, 4604 Kristiansand eller til e-post: ing-er.l.baade@uia.no.

Ved påmelding, vennligst oppgi navn, evt. institusjon, postadresse, e-postadresse og telefonnummer.

Vennligst oppgi om du skal delta på middag fredag kveld og om du har spesielle diettbehov.



### STED:

UNIVERSITETET I AGDER  
GIMLEMOEN 25  
4604 KRISTIANSAND

### TID:

10. OG 11. OKTOBER 2008

### PÅMELDINGSFRIST FOR EGDELESARAR:

30. SEPTEMBER 2008

Pris: Deltagelse begge dager kr. 500 inkl. lunsj  
Deltakelse én dag kr. 300 inkl. lunsj  
Tillegg for festmiddag fredag kveld kr 450.

Eventuell overnatting ordnes av den enkelte selv. Hotell Norge kan tilby en overnattingspris på kr. 835 pr. person inkl. frokost. Tlf. 38174000, e-post RES1@hotel-norge.no. Bruk Agderseminaret som referanse.

## Regionen - historiske perspektiver, aktuelle utfordringer

# Iveland V – Gruvedrift

*Ivelands bygdesogenemnd 2007*

**Gratulerer, Iveland! Her er det ei fantastisk flott bok som er komen ut! Denne femte bygdeboka er eit vakkert tillegg til lokalhistoria og kjem til å verte til stor glede for generasjonane framigjennom.**


Som tittelen gjev signal om, så handlar boka om geologi og gruvedrift i Iveland. Det tyder slett ikkje at boka ikkje er interessant for dei som ikkje likar steinar. Tvert imot er det så variert og folkeleg skrive, at dette er ei bok

som pirrar kvar og ein som anten er interessert i steinar, som er glad i å lese om si eiga lokalhistorie – eller som vil ha med seg eit utruleg stykke historie frå Agder.

Spesielt dei mange og ulike bileta gjer at boka er utruleg lettlesn og attraktiv for sjølv den minst ihuga lesaren. Det er bilete av ei rekkje menneske som jobba i gravene eller på anna vis hadde med gruvedrift/geologi å gjere – og heilt bak finn me eit oversyn med ei mengd verkeleg nydelege bilete av minerala som fanst i Iveland. I tillegg er det mange artige skisser teikna av Odd R. Jørgensen,

som på ein humoristisk måte understrekar teksten.

Boka har mange hovudkapittel, der «Kva eldre og nålevande gruvefolk fortel» har fått sær stor plass. I dette kapitlet vil eg trekke fram eit avsnitt som minner mest om eit eventyr. Thortveititt høyrer ut til å vere eit mineralnamn sagt i spøk – men nei, på Knipane på Ljosland fann dei dette ukjende mineralet som Olaus Thortveit sende inn for analyse på Mineralologisk Institutt. Professoren der konstaterte at dette var eit nytt, ukjent mineral, og gav det namnet etter finnaren. Eg gjev lesarane ein smakebit frå teksten i denne samanhengen: «Alle store mineralsamlingar skulle straks ha prøver av thortveititt, dette merkelege mineralet som ikkje fanst andre stader enn i Iveland. Olaf Landsverk har fortalt om korleis prisen flaug i vêret. Særleg blei det betalt godt for store og vakre krystallar. Ikkje noko under at gruvefeberer greip gruvearbeidaren, som nå såg eventy-



ret opna seg for augo sine! Fyrste akt av det merkelege thortveititt-eventyret var alt i full gang.»

Bygdeboka tek ikkje berre føre seg den reint tekniske og fysiske delen av gruvedrifta, men ser på kva Setesdalsbanen (1896) hadde å seie, kva gruvedrifta gjorde med Iveland, tida etter gruvedrifta, kommunen si rolle og Sørlandets geologiforening, for å nemne noko. Bygdebokkomiteen, som Karstein Lie, Reidar Pedersen (redaktør), Salve Øina, Ole Fridtjof Frigstad og Kjell Gunnufsen sit i, er ikkje snauare enn at dei òg har teke med prosjekt det ikkje vart noko av.

Med sine 382 sider er boka så tjukk som ho bør vere i sin kategori. På nesten kvar side er det bilete å studere – noko som er ganske så mykje. Rett nok er nokre av bileta uklære – men det dreg ikkje ned, men gjev boka og bileta større autensitet, tykkjer eg. Steinbileta er av fyrste klasse; Ikkje å undrast over at geologane vert «galne» etter stein, for steinane som er attgjeve i biletform her, er på sitt aller vakraste!

Ring til Iveland kommune for å få tak i boka – den boka kjem du til å verte glad i!

**Borghild Løver**

## Hilsen fra Øyestad 2007


Dette er eit hendig hefte i A5-format, 40 sider med variert innhald der tekst og bilete har historisk interesse. Dei siste 13 sidene er lysingar.

Formann i Øyestad Historielag, John Seldal, er glad for at årsskriftet kjem ut og vil gjerne sjå oss som turistar på Bomsholmen Fløtningsmuseum. Der kan alle få lære litt om fløytinga i Nidelva. Dette museet er med i den «Kulturelle skolesekken».

Elles får vi fakta omkring klebersteinsbrotet på Gjennestad, lokalhistorie med kartutsnitt «der man kommer ned til den lille dam der kalles Pollen». Vi er med på tjærebrenning til husbruk og lagar tjærelåg til «medisinsk» bruk som biprodukt. Vi får høyre om den allsidige og fartsglade Thor Henriksen som fiksa «vassbrett» bak sjølvfiksa racerbåt slik at jentene hans fekk frese av garde så vassspruten stod. I «Småplukk frå Rise og Løddesøl» får vi m.a. vite bakgrunnen for stadnamnet «Delarfjell».

Alt kan ikkje nemnast her. Lokalhistorie er viktig overalt, og ikkje minst i Øyestad som er så bynær. Øyestad Historielag er utgjevarar av heftet for 2007 som er det 39. i rekka av utgjevne årsskrift. Ved å ta kontakt med John Seldal, tlf. 37 09 57 04, får du tak i dette heftet for 50 kroner. Dessutan kan du skaffe deg Øyestad Bygdebok I + II for 300 kr, Øyestad 1838–1991 for 100 kr og eldre årgangar av «Hilsen fra Øyestad».

**Magnhild Rygg**



# Årsskrift 26 frå Birkenes Historielag

**Birkenes Historielag feira i 2007 sitt 25 års jubileum. Sidan laget blei stifta i 1982, har det vore ein aktiv bidragsytar til kulturlivet i bygda. Laget har ei ambisiøs målsetting: Å arbeide for at alt av historisk interesse i Birkenes blir tatt vare på og verna om!! Eit fast innslag i laget si verksemd er at det saman med sokneråd og kameraklubb årleg arrangerar historierelaterte vandreturar i lokalmiljøet på Kr. Himmel-fartsdag.**

**I jubileumsåret gav laget ut sitt årsskrift nr. 26.**

Det har blitt eit omfangsrikt og spennande dokument som gjennom det meste av innhaldet krev sin lesar fullt ut.

Heftet spenner over totalt 77 sider. Bortsett frå den siste delen er det heller sparsamt illustrert, men artiklane har eit oversiktleg og systematisk oppsett som gjer det greitt for lesaren å halde tråden og interessa ved like.

Ole Aasen har vore redaktør i årsskrift-nemnda, som i tillegg har bestått av Jens Vellene, Inger E. B. Slågedal, Audun Flakk, Arne Mjåland og Inga Halvorsen.

**Skriftet er å få kjøpt på fylgjande plassar:**


- Birkeland: Esso servicesenter, Prix og Birkeland Gaver og Medisinutsalg.
- Herefoss: Herefoss Senter.
- Engesland: Joker Engesland.

Ein må i stor grad kunne kalle dette skriftet for eit temahefte med ulike namnetradisjonar i fokus. For lesarar som finn dei første 60 sidene noko detaljerte og tunge å kome i gjennom, vil dei i siste delen møte historiske hendingar frå gamal og nyare tid - av og om personar som alle har tilknytning til Birkenes. Vi får høyre om ein dramatisk flystyrt i 1953

og om odelsgutten Kristen Hauge som utvandra til USA, men seinare valde å flytte heim til barndomsgarden att.

Vidare får vi eit interessant møte med legdekallen Anders Osen som òg gjekk under namnet «Mannen med Voltakorset» – og ikkje minst ei utruleg historie om ein kamp på liv og død blant haiar og rovfuglar i Raudehavet. Alle desse historiene er lettlesne og varierte og sikkert av lokalhistorisk interesse for mange.

Temaet om namnetradisjonar treng noko ekstra omtale. To artikkelforfattarar syrgjer for å gje lesaren ei solid oppdatering på dette feltet. Den eine er Karoline Aas som skriv om stadnamn på Tveide i Birkenes – ei særøppgåve i norsk frå vidaregåande skule i 1998. Ho har gått svært grundig inn i stoffet og presenterar det på ein oversiktleg måte, som burde motivere nokon kvar til å reflektere



over opphavet til namn i sitt eige lokalmiljø. Ikkje minst er det spennande å studere lista med forklaringar til dei litt spesielle namna i materialet hennar.

Vidar Haslum tek føre seg utvikling av personnamn og namneskikkar i Birkenes, Herefoss og Vegusdal i ein svært omfattande og interessant artikkel - dela inn i fire hovud-emne.

Det er vanskeleg i ei kort melding som denne å trekke ut det mest vesentlege, men eg vil understreke det som forfattaren sjølv seier innleiingsvis: Personnamn har både kulturhistorisk og mentalitetshistorisk interesse. Dei seier noko om lokale tilhøve, men og om ulike strøymingar gjennom tidene – både nasjonalt og internasjonalt – som lokalmiljøa har blitt utsette for.

For dei som tykkjer at dette blir mange detaljar og mykje å halde orden på, gjev del fire i artikkelen , side 57 og 58, ei svært god oppsummering og oversikt. Artikkelen har og ei rik litteraturliste å vise til, noko som understrekar den solide dokumentasjonen.

Aller sist i årsskriftet får vi ei oppsummering i bilete og tekst frå kulturelle høgdepunkt i 2007 - frå den årlege vandreturen som tidlegare er omtala, til opning av gapahuk og ungdommens kulturmonstring – for å nemne noko.

Snart er det også historie...

**Torhild Austad**

# Trykksaker og fargekopiering

- **Tekstredaksjon**
- **Scanning**
- **Bildebehandling**
- **Layout**
- **Originalarbeid**
- **Digitalprint**

Henrik Wergelands gt. 50B  
Pb. 384, 4664 Kristiansand  
Telefon . . . . . 38 02 19 12

Fax . . . . . 38 02 16 12  
post@gpartner.no



# Slakting av julegrisen

En kan nesten si at julesjauen begynte med slakting av julegrisen i slutten av oktober eller i begynnelsen av november. Da skulle grisen vær «gjødd» godt, for det måtte være bra med fleusk på den, slik at når det var tre fingerbredder med fleusk på ryggen var de fine. God vekt på en sommergris som de hadde fra påske til slakting burde veie 16–20 bismerpund. Ett bismerpund tilsvarer ca. seks kilo.

Nå måtte alle salttønner og dunker «bakes», en måtte da hente inn einerkvist og legge oppi, deretter slå over kokende vann, slik at de ble en god einerlåg. Denne blandingen måtte stå i karene i 12–16 timer for at disse skulle bli godt «bakt». Videre ble alle kniver og økser som skulle brukes slipt og brynet, og dette var redskap som bare ble brukt ved slaktingen.

Så kom slaktedagen og denne måtte være på voksende måne ellers ville flesket «renne ut» i bare flåt. Tidlig denne dagen ble det fyr opp under to store gryter med vann som hang i skorsteinen i bryggerhuset, og det gikk med mye ved for å få vannet varmt nok. Det var gjerne en bygdeslakter som sto for slaktingen og når han kom måtte han alltid ha en kopp kaffe før han startet arbeidet.

Det begynte med å få grisen ut på tunet, få på den et «trynebånd» for å holde hodet stille når den ble skutt. Så måtte den stikkes for å tappe blodet, og dette måtte røres i for at det ikke skulle levre seg. Når grisen var avlivet skulle den skolles og skrapes, men først ble den lagt på en kjelke. Så ble det kokende vannet båret ut i en stor kaffekjele og hellet ut over grisen i passe store stykker. Da løsnet busta som ble skrapet av med en «skolle». Slik ble hele grisen «skollet» til den var «rein». Tilslutt ble den skylt med kaldt vann, og fart over med kniv for å fjerne bust som måtte stå igjen.

De fineste busta ble tatt vare på, for å bli brukt som «spiss» på bektråden som de sydde skinn og lær med.

Det neste var å henge grisen opp i bakbeina etter at labbene var skåret av. For å ta ut

innmat og tarmer ble det skåret ut ei «bukribbe» (ei ca. ti cm bredt stykke fra hele grisens underside), Dette ble senere brukt som svor på sylteflesket. Nå var det også tid for å begynne å gjette på vekta.

Innmaten, lever, lunger, hjerte og nyrer ble tatt ut og lagt i vann, magesekk og tarmer ble ikke brukt her i de senere år, men kastet etter at tarmfettet var tatt vare på. Dette ble brukt til å koke såpe på. Hodet ble skåret av, kløyvd og lagt i vann sammen med labbene. Men først ble tunga tatt ut og lagt sammen med den øvrige innmaten.

Nå måtte det mat og kaffe til før en startet på gris nr. to, som led samme skjebne som den første.

Om kvelden ble grisene skåret ned og båret inn i bryggerhuset der de ble partert i passe store stykker. Det var som regel den «gamle mann i huset» sin jobb fordi han var så sikker med beinøksa. Kvinnfolkene saltet ned de oppdelte stykkene. Det var steikeflesk, kokeflesk til ertesuppe og lapskaus og til kompe. En måtte også legge ned noen passe stykker til fantene.

Andre dagen var det kvinnfolkenes arbeid med å legge sylteflesk og lage lungemos.

Jerngrytene ble fortsatt brukt til kokingen, men først måtte hoder og innmat vaskes og renses, så sylteflesket ikke skulle bli fullt av kjertler, men lyst og fint. For å vite om hodene var kokt, kjente de med fingeren om svoren var myk. Mens de kokte gjorde de i stand krydderet, eller «spesseriene» som de sa. Disse ble kjøpt hele og måtte knuses eller «støtes» i en morter, noe som krevde øvelse. Derfor var dette som regel «gamlemor» sin jobb. Det var en fin klang i morteren og hun sang gjerne i takt med støtene og ungene stod rundt og sang med.

Syltekledene som sylteflesket ble laget i var hvite tøystykker av bomull som ble brukt år etter år. For å binde sammen syltehodene eller «hauene» som de sa, ble det brukt tykk hyssing. Kledene ble først dyppet i vann før en la svor, fleusk og kjøtt lagvis på dette og strødde på passe med spisserier. Når «hau»

var passe stort, ble det pakket inn i kledet og surret med hyssingen og deretter «trekt» i kraften fra kokingen. Det neste var å legge «hauene» i press mellom to trefjølere med stein på. Tyngden måtte være likt fordelt, og passe stor, slik at kraften ble presset ut. Dagen etter ble de tatt ut av presset og lagt i saltlake. Det ble normalt fem – seks «syltehauer» av to griser. Det siste ble kalt «skraphauer», og var det som ble prøvd først.

Lunger, hjerte, lever og nyrer, som skulle bli til lungemos, måtte finhakkes. Til dette brukte de en hakkeblokk, da de ikke hadde kjøttkvern. Hakkeblokka var en tykk treplanke ca. 60 cm lang, og til å skjøre/hakke kjøttet med på denne hadde de en stor, krum kniv med skaft i begge ender. Når det var fint nok ble det blandet og smakt til med «spisserier», og gitt et oppkok. Dermed var det ferdig.

Den dagen de la sylte var det mølje til middag. Det var flatbrød med kjøttkraft fra grytene over, god men kraftig kost. Om kvelden kokte de steik og ribbe som ble lagt ned i krukke i kokekraften med fettlokk over. Var de heldige kunne holde seg helt til jul, men det måtte sees til daglig, og eventuelt kokes opp igjen.

Neste dag skulle blodpølse og kvitpølse lages. Gryn var lagt i bløyt, og pølseposene var sydd sammen. Disse ble brukt år etter år, det var derfor viktig at en var stø på handa når en sprettet opp posene når pølsa skulle spises. Pølsørøra ble laget i store trau med gryn, rosiner og krydder, hvoretter den ble fylt i pølseposene. Til trakt brukte de en ca. syv cm lang bit av et kuhorn, kalt et pølsehorn. Når posen var passe full, ble den knyttet for og pølsene kokt. Blodpølsene og kvitpølsene ble kokt i hver sin gryte og det var laget så mye at de kokte to ganger. Den første «koka» var ferdig til middag og da ble pølsene prøvesmakt, og alle som kom innom måtte smake på pølsa. Det var ikke så nøye med ei pølse i slaktetida.

Griselabbene ble finpusset, kokt og lagt i saltlake. Isterplommene ble skåret i småbiter og smeltet og silt flere ganger. Det ble brukt når de stekte fattigmann og smultringer og annen steking og baking. Tarmfettet ble også smeltet før de kokte såpe av det. Dermed var griseslaktina over, og rydding og rengjøring av redskap og bryggerhus var avslutningen på den.

**Torjus A. Skjævestad**



## Møt den unike forteljaren Sturla Ertzeid

på den flotte dvd-en produsert av Agder Historielag mellom anna med støtte frå Vest-Agder fylkeskommune

**Pris: Kr. 150.-**

**Kontakt  
Agder Historielag**

på tlf. 97 06 44 85 eller send  
e-post til [kontakt@agderhistorielag.no](mailto:kontakt@agderhistorielag.no)  
eller post til  
Agder Historielag,  
Postboks 136  
4662 Kristiansand

# Årsmøteprotokoll for Agder Historielag

Laurdag 12. april 2008

**Stad:** Majorstuen, Evjemoen, kl.11 00-15 25.

**Til stades:** Om lag 50 direktemed-  
lemer/lokallagsrepresentantar.

**Innleiing:** Styreleiar Beint Foss ynskte velkomen.

Anders Auen Grimnes var forsongar på No livnar det i lundar som heile møtelyden stemde i med. Torbjørg Rysstad og Maria Haugå gav til gode tradisjonsrikt hardingfelespel før Nils Voie Johansen heldt eit interessant og godt føredrag om den tre år korte gullgruvesoga til Arendal. Klokka 12.20 var det middag. Etter middag vart det meir underhaldning; dikt og song med Stein Kleivene. Turnemnda sonderte interessa for fire utkast til moglege turar.

## Sak 1. Val av møteleiar

Beint Foss vart vald til møteleiar.

## Sak 2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga og saklista vart godkjende med oppmoding om at budsjett og kven som er på val vart sendt ut i forkant av årsmøtet.

## Sak 3. Val av to representantar til å skrive under protokollen

Ellinor Lundberg (Arendal Historielag) og Per Solaas (Holum Historielag) vart valde til å skrive under protokollen.

## Sak 4. Godkjenning av årsmelding

Årsmeldinga vart godkjend med akklamasjon.

## Sak 5. Godkjenning av rekneskapen

Ragnhild Skarsten Larsen la fram rekneskapen, som viste vel 37.729 kroner i underskot i 2007, fordelt på 25.120 kr på drift og 12.609

kr på Agdersoga. Men all porto og arbeids-honorar for agdersoga vart ført på drifta. Møtelyden kom med merknad om at verdien av bøker som ligg på lager bør kome inn i jamvektrekneskapen. Som nemnt i årsmeldinga, vil dette verte gjort når lageret vert flytta til den endelege kontorstaden (Bentsens Hus). Rekneskapen var revidert og funne i orden, jamfør revisjonsmeldinga som låg ved. Rekneskapen vart samrøystes godkjend.

## Sak 6. Vedtekter

Eit utkast med oppdatering og presisering av vedtektene vart lagt fram.

Fyrst vart det samrøystes vedteke at vedtektene kunne verte lagt fram til røysting samla. Så vart dei nye vedtektene samrøystes vedteke av årsmøtelyden med desse endringane:

Paragraf 2: Ordet ovanfor vart retta til **overfor**

Paragraf 5: Fevennen og **Agderposten** (dei to siste vart lagt til)

Paragraf 5: kontingentauke vart endra til **kontingent**

Ordet omfram vart i vedtektene endra til **ekstraordinært**

Årsmøtelyden oppmoda dessutan styret til – innan neste årsmøte - å vurdere eventuelle endringar og/eller presiseringar når det galdt paragraf 10 oppløysing; kva skal til for å kalle eit lag oppløyst? Styret kunne og vurdere å leggje fylgjande til vedtektene på neste årsmøte: Der me har oppnemningsrett, skal valnemnda kome med ei innstilling. Ei tredje oppmoding galdt dette med direkte medlemmer og eventuelt røysterett fyrst etter å ha vore medlem eit år.

## Sak 7. Innkomne saker

Styret i Agder Historielag hadde fått førespurnad om å utnemne kandidatar til AAKS, og sendte saka vidare til valnemnda, som hadde to ulike innstillingar til spørsmålet:

*Alternativ 1:* Jan A. Ommundsen, med Terje Sandkjær som vara (tre røyster for, ein imot)

**Alternativ 2:** Bjørg Kleivene, med Terje Sandkjær som vara (ei røyst for, tre imot) Bjørg Kleivene var til stades på årsmøtet, og ynskte å late Terje Sandkjær ta kandidatplassen.

Etter at årsmøtelyden hadde drøfta saka, vart det røysta skriftleg over dei to framlegga til kandidatar: Jan A. Ommundsen og Terje Sandkjær, der den med flest røyster fekk hovudplassen, og den med færrest røyster fekk varaplassen. Etter oppteljing fekk Terje Sandkjær 21 røyster og hovudplassen og Jan

A. Ommundsen 13 røyster og varaplassen. 9 røystesetlar var blanke.

### **Sak 8 Budsjett**

Årsmøtet gjekk samrøystes inn for det framlagde budsjetten.

### **Sak 9. Val**

I valnemnda sat Ellinor Lundberg (Arendal), Jørdis Hodnemyr (Vennesla), Olav Arne Kleveland (Evje) og Per T. Knudsen (Kristiansand). Noko alternativt framlegg kom ikkje fram, og valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

<b>AUST-AGDER</b>	<b>DIREKTE MEDL.</b>	<b>VEST-AGDER</b>	<b>DIREKTE MEDL.</b>
Styremedlem Attvald for 2 år	Anders Auen Grimnes V.Moland+Lill.historielag	Styremedlem Ikkje på val, 1 år att	Beint Foss Tveit Historielag
Varamedlem Nyvald for 2 år	Kristian Sundtoft V.Moland+Lill.historielag	Varamedlem Ikkje på val, 1 år att	Helge Wiig Holum Historielag
<b>AUST-AGDER</b>	<b>LOKALLAGSMEDL.</b>	<b>VEST-AGDER</b>	<b>LOKALLAGSMEDL.</b>
Styremedlem Ikkje på val, 1 år att	Hallvard Tveit Valle Sogelag	Styremedlem Nyvald for 2 år	Inge Augland Torridal Historielag
Varamedlem Nyvald for 1 år	Bernt Gautestad Evje og Hornnes Sogelag	Varamedlem Attvald for 2 år	Liv Kirsten Rølland Tveit Historielag
Styremedlem Attvald for 2 år	Ellen Ledaal Gjertsen Arendal Historielag	Styremedlem Attvald for 2 år	Ragnhild S. Larsen Flekkefjord Hist.lag
Varamedlem Nyvald for 2 år	Sveinung Lien Tvedestrand Historielag	Varamedlem Attvald for 2 år	Kari Bruli Kvinesdal Historieag
Styremedlem Ikkje på val, 1 år att	Jan Arild Andersen Stokken Historielag	Styremedlem Ikkje på val, 1 år att	Turid Bjørkenes Holum Historielag
Varamedlem Ikkje på val, 1 år att	Jan A. Ommundsen Tromøy Historielag	Varamedlem Ikkje på val, 1 år att	Olaf Ingebretsen Vennesla Historielag

**Leiar:** Beint Foss frå Tveit, attvald for 1 år

**Nestleiar:** Anders Auen Grimnes frå Lillesand, attvald for 1 år

### **Revisjon/ettersyn av rekneskap:**

Fylkesrevisjonen i Vest-Agder

**Valnemnda:** Olav Arne Kleveland (attval 1 år), Ellinor Lundberg (attval 2 år), Per T.

Knudsen (attval 2 år), Jørdis Hodnemyr (attval 1 år)

Utsending til årsmøtet i Landslaget:

**Vest-Agder:** Beint Foss

**Aust-Agder:** Anders Auen Grimnes

*Per Solaas - Ellinor Lundberg  
sign.*

# Jubileumsskrift frå Høvåg Museums- og Historielag

**Høvåg Museums- og Historielag har levert eit interessant og spennande jubileumsskrift i høve laget si 50 års feiring i 2007. Dokumentet ber preg av at laget sjølv ser at det har ein viktig funksjon i eit område som er under stort press frå storsamfunnet.**

Helsingar frå Lillesand kommune ved ordførar og kulturrådgevar og frå Lillesand By- og Sjøfartsmuseum viser og at laget har ein solid posisjon når det gjeld formidling av den lokale kulturarven.

Skriftet er lesarvenleg med ein fin utsjånad og ei flott form. Det er på 30 sider, rikt illustrert med bilete som på ein god måte understrekar teksten.

Redaksjonskomiteen for skriftet er noverande formann Lars Petter Østeby, Sigrun Kjøstvedt og Jørgen Ording. Helges Studio og Torvald Slettebø står for bileta på omslaget, sistnemnde har og tatt dei fleste interiørbileta frå museet.

Innleiingsvis får lesaren ein historisk oversikt – frå steinalder og vikingtid, gjennom perioden då kystbygda i seglskuteperioden (1850–1914) hadde si stortid - og like opp til vår tid då bygda etter kommunesamanslåing

strevar med å ta vare på sin lokale identitet. Den viktigaste oppgåva for laget, meiner redaktørane, er å «stille seg slik at ein kan sjå neste generasjon i augene.»

Som seg hør og bør eit jubi-

leumsskrift får vi ein fyldig oversikt over historia til laget – frå det blei starta i 1957 med Abraham Bjørnholmen som første formann og opp til i dag. Då Abraham Bjørnholmen døydde i 1964, låg laget meir eller mindre nede i 12 år, då det på nytt oppstod i 1976 med Bjørg Ording som formann. Ho blei avløyst i 1983 av Sigrun Kjøstvedt som hadde vervet til 1988 då noverande formann Lars Petter Østeby tok over.

Malen for laget har vore, og er:

- Istandsetjing og sikring av museet på Vesterhus.
- Registrering av gamle bygningar.
- Folkeminnegransking. Intervju med gamle folk.
- Nedteikning av lokale namn på kart.
- I tillegg til dette arbeidet, har laget gjeve ut ei rekke småskrift som ein finn oversikt over bak i skriftet. Dei fleste av desse kostar kr. 50 og kan kjøpast ved å vende seg til
- Sigrun Kjøstvedt tlf. 37 27 42 90
- Jørgen Ording tlf. 37 27 42 78
- Skriftleg: Høvåg Museums- og Historielag, 4770 Høvåg.

Skriftet har ein grundig gjennomgang av bygningane som heilt eller delvis tilhøyrrer laget. Tekst og bilete gjev mykje interessant informasjon om museet på Vesterhus, Kornbrette sag, Isefjær mølle, potetkjellaren på Hæstad og skulehuset i Gamle Hellesund.

Høvåg Museums- og Historielag er eit aktivt lag med stor breidd i aktivitetane sine.

Dei eig ei fotosamling av amatørfoto frå bygda som kan lånast ut til utstillingar, og på møta sine har dei hatt gjestekåserar med ulike kulturhistoriske tema.

Det er og verd å merke seg lagets interesse og iver for å samarbeide med den kommunale forvaltninga når det gjeld planlegging og restaurering. Eit slikt engasjement set historia inn i sin rette samanheng og får ting til å hange saman.

Den som set seg ned med jubileumsskriftet til Høvåg Museums- og Historielag, får ei triveleg stund.


**Torhild Austad**

**Høvåg Museums -  
og Historielag**

**1957 - 2007**



*Jubileumsskrift*  
Skrift nr. 12



Teikning av Nes Jernverk 1810.

Foto: Næs Jernverksmuseum

## Bli med på tur til Nes Jernverk, Holt prestegard og middelalderkyrkja like ved, sundag 28. september

**Turnemnda i Agder Historielag innbyr alle medlemmer og andre til omvising på Nes Jernverk, Holt prestegard og den gamle middelalderkyrkja like ved søndag 28. september.**

Frammøte kl. 12.00 på Nes Jernverk, der ein lokal omvisar vil ta oss rundt. Etter om lag 2 timar der, tek me ein times pause før me held fram på Holt prestegard frå klokka 15.00, der Øyvind Bjorvatn vil fortelje og ta oss attende i tid. Middelalderkyrkja som ligg like ved, er frå 1100-talet og vel verd å sjå i same slengen.

I pausen kan du ete medbrakt niste eller stikke innom den trivelege kaféen på Nes Jernverk, der du får kjøpt kaffi+2 munker til berre 40 kr, 2 systerkaker+kaffi til 34 kr eller spikersuppe (kjøtsuppe) med flatbrød til 50 kr. Skulle du ha behov for kraftigare nonsmat, ligg byen Tvedestrand like ved.

Totalpris for omvisinga baa stader: 40 kr per person

**Inga påmelding, berre kom!**

### Lurer du på korleis du kjem til Nes Jernverk?

Køyr E39 frå Kr.sand mot Oslo og ta av i Fianesvingen (om lag 1½ time frå Kr.sand, 20–25 minutt frå Arendal). Det står brune skilt med Nes Jernverk like før du kjem til Fianesvingen – fylg desse skilta: Du tek av til venstre mot Vegårshei i Fianesvingen – og då har du berre 2-3 minutt att: Du køyrer gjennom Nesgrenda og finn så muséet på venstre side av vegen. Bilen parkerer du på ein parkeringsplass før du går over ei bru.

Frå arbeidet ved storhamaren på 1950-talet.

Foto: Næs Jernverksmuseum



# Da Christian Pedersen, Dyrstad, ble fanget av engelskmennene

mens gjestgiveren i Skjernesund smatt unna

**Vi har fra flere kanter av landet hørt og lest om hendelser fra Napoleonskrigen 1807–14, men det meste er gått i glemmeboken for lenge, lenge siden. Eller de eksisterer bare som vage sagn.**

Også her på kysten, rett utenfor Mandal hende ett og annet. I gamle brev og rapporter kan en komme over enkelte ting når man leter i arkivene. I en «pakke» med slikt brev til stiftamtmanden kom det frem tre brev fra daværende fogd Echorn i Mandal til stiftamtmand Thygeson i Kristiansand, hvor han rapporterte et par hendelser her utenfor høstkanten 1807. Det ene skal vi ta med et modernisert utdrag av:

*Den 10. september 1807 var los og gjestgiver Hans Pedersen, Skjernøysund, på vei hjem fra Kristiansand med losbåten. Sammen med ham i båten var reservelosen Knut Torjesen og et par skippere og tre matroser, alle fra Flensburg. Klokken 1.30 ble de observante på en engelsk slupp som de formodet tilhørte noen engelske skip – et orlogsskip og to brigger – som var kommet opp under kysten utenfor Søgne et sted. Da losbåten var kommet i nærheten av Romsviga i Søgne var sluppen kommet nesten på skuddhold og de fant det derfor best å styre inn mot nærmeste land, og da vinden var frisk og lagelig, nådde de til lands i god behold og kom alle vel fra engelskmennene. Men det var bare så vidt det gikk godt. De måtte la båten bli liggende igjen der de landet og ta beina fatt inn over land så fort de orket, da engelskmennene forfulgte dem like til lands. Hans Pedersen og Knut Torjesen kom i god behold kjem til Skjernesund dagen etter, men de viste ikke hvordan det videre var gått med sjøfolkene fra Flensburg.*

Slik frontalte Hans Pedersen tildragelsen til fogden, som så skrev dette til stiftamtmanden.

De to andre brevene skal jeg her gjengi

ordrett, slik fogden skrev dem til stiftamtmanden.

*Fogd Echorns rapport til Hr. stiftamtmand Thygeson vedrørende Christian Pedersen, Dyrstad, bortførelse av de engelske, modtaget dateret Christianssand den 11. september 1807.*

*Denne dag er her i nærheten af Mandal forefaldt følgende; Ligesom man daglig har haft engelske krydsere her udenfor, således har man i dag den hele dag fra morgen tidlig af observeret et Linje-skib, en fregatt og en Kutterbrigg som har seylet til og fra landet nesten altid på samme høyde.*

*Kl. 12 til 1 observeredes at Kutter-briggen havde udsatt en Slupp med 8 à 10 mand, og at denne landet på en ubeboet ø kaldt Færøen, ungefær ½ mile østenfor Kleven havn, hvor de skal have skutt nogle får og medbragt samme, og da de igjen vilde søge skibet traf de på en mand der havdee hjemme på Stienøen, af gården Dyrstad, hvilken Ø og gård ligger ungefær ½ mile østen for Kleven.*

*Mandens navn er Christian Pedersen, som tillige med 2de fruentimre kom roende fra Kleven for at vende hjem. - Denne mand med fruentimre tog de. Manden samt båden beholdt de, men fruentimrene sendte de igjen til Stiernøen med Kutter-Briggen Slupp. Kl. ungefær 5.30 kom en Smakke ind Klevens havn under Papenburger flag, og denne berettede at Kutter-Briggen Slupp havde vært og forespurt om han ikke havde nogen Lods om bord, men da han dette benækkede, var han igjen gået fra ham. Kl 6. har man observeret et Linjeskib komme vestenfra og forendede sig med det annet Orlogskib og Fregatten samt Kutter-Briggen og stod de samtlige fra land.*

*Denne samlede styrke synes at bebude noget alvorlig, og efter all rimelighed kan det ikke gjelde andet sted en Christianssand.*

*Klokken ungefær 1 til 2 så man en stor Fregatt, som førte mage seil, endog større seil, den gjorde signaler for de krydsende, og fortsatte derpå kursen østerefter, man kan ellers af foranmeldte slutte sig til, at det er disse Orløogskibe om at gjøre at få lodser, jei tror*

derfor, dette er alene min formening jei fremsetter, at Lodser og Fiskere på det strengeste burde forbydes at gå ud med Båder, thi en Sluppe kan lettelig imellem øer og klipper overrumple dem.

Lodserne og Lodsoldermannen i Kleven har i dag sagt mig da jei bebreidede dem deres uforsiktighed, - en Lodsbaad med lodsseil og 3de Lodseer kom just ind i Kleven da jei var der Kl henved 6, som havde været på fiskeri og som fortalte at de retirerede ind under øene, da de så Kutter-Briggen Slupp - at de ikke havde andet forbud, end at de ikke måtte nærme sig engelske orlogsskibe. Men nu, da det ikke kan være til nytte for vore egne skibe, synes mig at et generelt forbud ikke var overflødig. - Til lykke var den mand de haver taget ikke Lods, men de kan dog lettlig tvinge ham til at anføre deres sluppe og med denne gå i land på en eller anden isoleret ø og med magt bortføre Lodser.

Morgen skal jei lade hente de tilbageførte fruentimre, som ikke kan ske i aften, og da uoppholdelig sende deres forklaring.

Mandal, den 10. September. Kl 8 slet Aften.

### **Continuations Raport**

I henhold til min rapport af gårds dato medeles videre;

At de 2de fruentimre som var i baad med Christian Pedersen, Dyrstad, have i dag for mig givet følgende forklaring;

Den ene, Anne Catrine, at være en datter til den af de engelske tagne Christian Pedersen, Dyrstad, og den andre, Sille, datter til Christen Rasmussen på samme gård, at de tillige med C. Pedersenroende i går den 10de fra Kleven Kl mellem 2 og 3 for at reise hjem til gården Dyrstad på Stiernøen, ungefær ½ mil østenfor Kleven havn, og da de var kommet nesten til land eller til den stø eller sted (Nordstranda på Dyrstad) hvor de alminnelig legger til med både, så de strax østenfor i en vig, kalt Kirkevigen, en stor Slup liggende og i denne 2 mand der med lodd stod og peilede dybet, men da disse 2de mend var bleven «Deponentinderne» og deres baad var; blev en almindelig alarm og der viste sig i Sluppen en 8 a 10 mand øyeblikkelig fyrende med geværene skud i skud, og i et øyeblikk var seilet på deres baad skudt i pialter og da fokene i Sluppen så at båden satte lige til land roede de til af alle krefter. Den ene af pigene, Sille

Christensdatter, klarte da at springe i vannet, som stod henne under armene for inden hun nåede bunden med fødderne og øyeblikkelig sprang efter henne i vandet 2de af Sluppens folk, men da hun foringen de, nåede landet holdt de af at forfølge hende. (Hun kom seg i land ytterst på Nornes). Derimod bemægtigede de sig Christen Pedersen og datter samt baad, de 2 første satte de om bord i Sluppen og båden tog de på slæbning. Datteren til Christen Pedersen gråd og skreg bestandig, og da de engelske havde talt en del til henne som hun ikke forstod og hun altså vedblev at skrike og græde, begynte nogle at tiltale hende på dansk eller norsk og forsikrede hendes fader intet ondt skulde vederfares og at de dagen efter vilde sette ham i land. Men da hun desuagtet fremdeles vedblev at jamre sig satte de hende på land på Stiernøen noget vest for baadstøen, og roede derpaa av sted med hennes fader og hans baad.

I blant adskillige fødevarer som hennes fader havde i båden var et stort stykke ost, som de greb de engelske som rovfugle og nedslugede som forsultne og grådige rovdyr.

Da sluppen havde fået Christian Pedersens datter i land roede den til den strax vestenfor liggende og ubeboede Ø, Færøen kaldet hvor de skjød nogle får, som av de på stranden vakthavende blev observeret til at være 3 stk.

Endnu i dag observerer man at det i går bemeldte Orlogsskib, Fregatten og Kutter-Briggen krydser på samme høyde som i går. Men man kan i dag ikke se noget til det orlogsskib som i Aftes Kl 6 stødete til de ovenamedte 3 andre.

Mandal den 11. September 1807.

H. Ehorn.

Det har ikke vært mulig å finne noen skriftlige kilder om hva som senere hendte med Christian Pedersen Dyrstad, men muntlige tradisjoner forteller at han ble bedt av Britene om å lose inn til Kristiansand, hvilket han avslo. Han skal, også dette i henhold til tradisjonene, ha «spilt» åndssvak, eller «gal». Meg bekjent talte den gode Christian Pedersen rimelig godt engelsk.

Videre vet tradisjonen å berette at han dagen etter ble ilandsatt et eller annet sted i nærheten av Ny-Hellesund.

Hva hans Pedersen angår, så omkom han ved en kullseiling på Klevfjorden i 1831.

Av Svein Ø. Berge

# Vår barndoms have

## Mat og matkultur på Agder, årbok 2007

Kva åt dei på Agder i gamle dagar og i nær fortid? Det er det sentrale temaet i denne siste årboka frå Vest-Agder-museet. Boka er på 111 innbundne sider, god utsjånad og gode illustrerande bilete. Boka er, i tillegg til årsmeldingar frå Vest-Agder-museet og venneforeininga, set saman av tre artiklar som alle tek føre seg matradisjonar på særskilte vis. Det spenn seg heilt frå gamle mat- og krydderplanter via kosthald på landet i gamle dagar til det overdådige og vanvittige kjøkenet blant dei «kondisjonerte»!

Eg vil gjerne seie noko om kvar artikkel – utan å røpe for mykje. Boka er proppa av kunnskap og informasjon, så det er mykje att å lese for den interesserte!

Per Arvid Åsen har skrive om historiske mat- og krydderplanter på Agder. Her tenker eg nokon og einkvar kjem til å få seg ei overrasking! Fleire planter er sjølvsagt i allmenn nytte framleis i dag, medan andre planter er «heilt ut». Mange av desse plantene kjenner vi i dag som iherdig ugras, og andre er planter vi kjøper i dyre dommar på fjonge hagesenter. Og så er det ganske stor sjanse for at dei veks vilt utanføre døra. Og det er eit enormt skattekammer og kjelder til vitamin og mineral. Ta til dømes Skjørbusurt, som er så breiddfull av C-vitamin at han vart nytta til behandling av skjorbuk, som ramma mange, særskilt sjøfolk. I tillegg til desse vanlege plantene, finn vi også planter som er i ferd med å forsvinne, og som vi bør ta vare på. Dette er vekstar som villapal og kvann, som er særskilt verna i Magnus Lagabøter si landslov, og det vart funne ei bøtte med 54 villeple i grava til Osebergdronninga!


Kva åt vestegdene i gamle dagar? Det er temaet for artikkelen til Eva Midthassel Ousbey. Ho har laga artikkelen på bakgrunn av intervju og samtalar ho har hatt i si tid som kretsleiar i Norges Kvinne- og Familieforbund i Vest-Agder. Dette gjorde ho på midten av 1990-talet, og det var truleg den siste sjansen til å få dokumentert perioden 1900-40, gjennom intervju med tidsvitne. Dette var ein periode med enorme endringar i helse, ernæring og kosthaldsundervisning. Forfattaren skriv lett og oversiktleleg om servering til dagleg, til fest og til høg-

tider. Her er det som i førre artikkel – mykje er godt kjend den dag i dag, men også her får ein overraskingar! M.a. at Måkemølje var vanleg kost på Lista, medan krabber og skjell slett ikkje var mat, og tyttebær og blåbær vart seld frå Bjelland til England

for ei krone pr fire liter.

Den siste artikkelen i boka handlar om borgarskapet sin matkultur på Agder og impulsar frå Europa. Og her måtte eg flire fleire gonger! For det er ein ganske utruleg kultur vi får innblikk i! Kirsten Bertheau Nøklebye skriv fornøyeleg om måltid i Flekkefjord med 15 rettar og dyrking av melonar, artisjokkar og valnøtter på Tromøya! Dei som har lese Karen Blixen si novelle «Babettes gjestebud» vil nikke atkjennande fleire gonger, og når ein i tillegg hugsar på at dette var vanleg kost, iallfall i lystige lag, får ein nærast ein vond smak i munnen. Medan dei «fine» festa i byane, så sulta dei fattige på landet. Augevitne fortel om fiffen i Christiansand og kalas i Risør og Flekkefjord, byar som var viktige for sjøfarten på 17- og 1800-talet. Forfattaren fortel om framveksten av kokebøker og matopplæring, og dreg fram oppskrifter, om det er om «At koge fisk på fad», eller om det er oppskrifter på rim med melodi til!

Det er gode og spennande artiklar i denne boka; anten du er historisk interessert, matinteressert eller botanisk interessert, så vil du finne noko av interesse her! God lesnad!



# Vedtekter for Agder Historielag

## Føremål

### § 1.

Agder Historielag har som føremål å fremje interessa for og auke kjennskapen til historie og kulturvern i landsdelen.

## Verksemd

### § 2

For å nå målet skal Agder Historielag:

- Styrkje samarbeidet mellom historielaga og representere desse i saker av felles interesser overfor fylkeskommunale styresmakter.
- Arbeide aktivt for at folk flest, media og myndigheiter får auka forståing for verdien av kulturarv og historie.
- Ta på seg oppgåver som best kan verte løyste på regionalt plan, så som kurs, seminar og kulturreiser.
- Gje ut publikasjonar som til dømes årsskrift og medlemsblad og drive andre former for opplysningsarbeid.

## Organisasjon og medlemskap

### § 3

Agder Historielag er tilslutta Landslaget for lokalhistorie og utgjer fylkesleddet for Agderfylka.

### § 4

Medlemer kan vere:

- a) Lokale historielag og foreiningar med føremål i tråd med § 1.
- b) Direkte personlege medlemer.
- c) **Offentlege og private institusjonar**

Lag og direkte medlemer betalar kontingent som årsmøtet fastset. Årsskriftet og medlemsbladet er inkludert i kontingenten.

## Årsmøtet

### § 5

Årsmøtet er øvste organ i laget. Tidspunkt for dette er seinast i april månad. I dei åra det vert halde landsmøte, bør årsmøtet i Agder Historielag vere minst seks (-6-) veker føre landsmøtet. I særskilde fall kan styret kalle inn til omframt årsmøte.

Årsmøtestad kan vere skiftevis i Aust- og Vest-Agder annakvart år, eller i **Evje og Hornnes kommune** kvart år. Kvart medlemslag vel to delegatar med varafolk til årsmøtet, **medan institusjonar har rett på ein delegat til årsmøtet**. Alle direkte medlemer og tillitsvalde i Agder Historielag har høve til å møte

på årsmøtet.

Røyste- og talerett har alle direkte medlemmer og delegatar. **Styret har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap, men sjølvsgt talerett. I alle andre årsmøtesaker har styret røyste- og talerett.** Skrivaren har berre talerett.

*Valnemnda gjev årsmøtet innstilling på fylgjande verv:*

*Styret:*

Seks styremedlemer med varafolk – blant medlemslaga/foreiningane i organisasjonen. To styremedlemer med varafolk – blant dei direkte medlemene i organisasjonen. **Valnemnda gjev årsmøtet innstilling på leiar og nestleiar blant desse åtte styremedlemene.**

*Valnemnda:*

4 medlemer – der ein av medlemene er valde blant dei direkte medlemene i organisasjonen.

*Eksterne verv:*

**Der Agder Historielag har oppnemnings-/innstillingsrett, kan valnemnda kome med ei innstilling.**

Dei tillitsvalde i styret og valnemnda har ei funksjonstid på to år, men vert valde slik at halvparten står på val kvart år. Leiar og nestleiar derimot, vert valde for eitt år av gongen, og veljast såleis kvart år. Valnemnda konstituerer seg sjølv.

I styret og valnemnda skal det vere lik representasjon frå kvart av fylka, og så langt råd er lik representasjon for bae kjønn.

Årsmøtet tek stilling til val, årsmelding, rekneskap, budsjett, kontingentendring og eventuelle innkomne framlegg og andre saker styret legg fram.

Agder Historielag skal ha offentlig godkjend revisor.

Val og vanlege vedtak vert avgjort med vanleg fleirtal. Framlegg om vedtektsendring må vere styret i hende minst to månader føre årsmøtet. Styret sender slike framlegg, sakliste, årsmelding og rekneskap ut til medlemslaga seinast ein (-1-) månad føre årsmøtet. Dato og stad for årsmøtet, saman med sakliste, årsmelding og rekneskap skal vere prenta i EGDE minst 14 dagar føre årsmøtet. Kunningering om at vedtektsendring er årsmøtesak

**FRAMHALD NESTE SIDE**

skal skje i Fevennen og Agderposten ein måned føre – dersom dette ikkje allereie er gjort i EGDE eller per brev til direktemedlemene. Vedtektsendring krev 2/3 fleirtal. Dei same tidsfristane gjeld ved ekstraordinært årsmøte.

## Tilhøvet til landslaget

### § 6

Årsmøtet handsamar eventuelle saker som kjem frå styret i Landslaget. Vedtektene til landslaget vert fylgt ved representasjon på landsmøtet. Agder Historielag betaler utgiftene til landsmøtet for ein utsending, som helst bør vere styreleiaren.

## Styret

### § 7

Styret, som har åtte (-8-) medlemmer, tilset skribar/kasserar og fastset løn og instruks. Ved lik røysting, har leiaren dobbelrøyst. Funksjonstida for styremedlemene er to år, slik at halvparten er på val på kvart årsmøte. Funksjonstida for leiaren er eitt år. Styret kan gjere vedtak når minst fem medlemmer er til stades. Styret har ansvar for å leggje fram årsmelding, revidert rekneskap og eventuelle andre saker til årsmøtet for godkjenning.

### § 8

Styret i Agder Historielag handsamar alle typar saker frå baa fylka. Styret er samla ansvarleg for dei einskilde vedtak som vert gjort. Styret kan nedsetje **nemnder/komitear**

som spesielt kan sjå på saker i kvart fylke. Innstillinga/arbeidet til komiteen vert lagt fram for styret, og endeleg vedtak vert gjort av styret, som er ansvarleg ovanfor årsmøtet.

## Valnemnda

### § 9

Valnemnda, som har fire medlemmer, konstituerer seg sjølv og vel leiar. Ved lik røysting har leiaren dobbelrøyst. Valnemnda legg fram for årsmøtet framlegg til styremedlemmer med varafolk, leiar og nestleiar og tillitsvalde i valnemnda og **eventuelle utsendingar til landsmøtet og kandidatar til landsstyret.**

## Oppløysing

### § 10

**Laget reknast som oppløyst når to ordinære årsmøte på rad har gjort 2/3 dels fleirtalsvedtak blant dei røysteføre deltakarane. Framlegg om oppløysing av laget må vere styret i hende minst to månader føre årsmøtet.**

I fall Agder Historielag vert oppløyst, skal Statsarkivet i Kristiansand få tilbod om arkivet og samlingane til Agder Historielag. Eventuelle midlar går til Landslaget for lokalhistorie, til bruk for lokalhistorisk arbeid på Agder.

Vedtekter for Agder Historielag; Det som er merkt med **feit skrift skal opp som årsmøtesak våren 2009.**

*Det nye styret i Agder Historielag, fv. Ragnhild Skarsten Larsen, Ellen Ledaal-Gjertsen, Beint Foss, Hallvard Tveit, Jan Arild Andersen, Turid Bjørkenes, Inge Augland og Ander Auen Grimnes.*



# Kristiansand i nytt perspektiv

«Mennesket, makt og mikrober – Epidemibekjempelse og hygiene på Sørlandet 1830-1880» av professor May-Brith Ohman Nielsen.

Da jeg fikk boken til omtale begynte jeg å lure på om vi nå nærmet oss stortåa på det 49. ben på høyre side av et tusenben! For så perfert tenkte jeg umiddelbart at dette proffessorale skrift på vel 360 sider, pluss et gedigent note-og henvisningsapparat på om lag 70 sider, måtte være.

Så viste det seg at det er et spennende epos hun har levert, en vital og viktig del av Kristiansands og landsdelens historie. Det berører fortiden til kanskje de fleste familier i byen. Mine egne besteforeldre levde jo i noen av disse årene, for ikke å snakke om oldefedre- og mødre. De var av det arbeidende folk her i byen, i kontakt med skipsfart, trelast og industri og levde under helt andre sykdomstrusler enn vi gjør i vår tid.

Sett i dette perspektivet blir boken nærmest familiær, så fjernt fra tusenbenets fysiologi som en vel kan komme. Vender vi så blikket utad, ser vi Kristiansand som et europeisk sentrum i koleraens tid. Og midt i dette...-Maktkampen, hvordan skolemedisinens påståelighet og iherdighet både reddet og tok liv. Her er spenning nok.

I seks deler, 22 kapitler, inkludert det siste, Oppsummering og konklusjon, stykker hun tiden opp i bolker fra midten på 1700-tallet og faktisk opp til vår tid, trass i at tyngdepunktet i denne dramatiske epoken i vår historie bare rommer de 50 årene fra 1830 til 1880. Det utvider perspektivet og gir bakgrunn og sammenhengen i utviklingen.

Kristiansand var fra årle tider et sentrum i europeisk skipsfart. Det vet vi fra før. Havneforholdene med en vid fjord, to elver som ga strøm mot Skagerrak, to innløp og med Flekkerøya som en langstrakt molo mot storhavet gjorde byens havneforhold unik i europeisk



sammenheng. Her søkte skip fra nærmest alle himmelstrøk nødhavn. Her kunne man kaste loss og komme til havs selv på kontrari vind. Og hit kom allverdens sjøfartsnasjoner med sine døde og smittede mannskaper til karantene og begravelse, ikke minst på grunn av havneforholdene og den sentrale beliggenhet i Nord-Europa. Kristiansand ble et sentrum i bekjempelsen av smittsomme sykdommer som preget Europa gjennom hele 1800-tallet. De smittsomme sykdommene var en nærmest mytisk størrelse, smitteveiene var ukjente, teoriene sprikende og skapte maktkamp mellom de som hevdet seg som autoriteter på området.

For å si det kort og meget mangelfullt: Det er her Kristiansand kommer inn som det medisinske utviklingssentrum i forståelsen av smitteveiene, og dermed et stykke på vei i bekjempelsen av de dødelige sykdommene. For det var ikke bare pest og kolera. Det gjaldt også sykdommer som vi kjenner i dag, og som den pensjonerte generasjon av våre bysbarn og deres foreldre fryktet: Meslinger, kikhoste og liknende. Naboens datter lå i ukevis med difteri på lasarettet i Tordenskjolds gate noen år etter krigen. Når vi besøkte

FRAMHALD NESTE SIDE

hennes måtte vi stå utenfor et par meter fra vinduet for å snakke med henne.

På skolen lærte vi med stolthet at D/S «Constituasjonen» var den første dampbåten i Norge og at den anløp Kristiansand. Men vi lærte ingenting om at det var dette skipet som førte koleraen til Kristiansand, ingenting om maktkampen mellom leger på Østlandet og legene i Kristiansand om hvordan man skulle få has på sykdommen. Kristiansands historiskrivere forteller heller lite om datidens største livstrussel i Europa og Kristiansands innsats i kampen mot sykdommene.

Boka er omfattende, men selv om den tar for seg sine tema med akademisk akkuratess, er den forbausende lettlest. Den er også skrevet med sans for dramatik og spenning, og for gode, gamle kristiansandere – og de som gjerne vil bli det – burde den være folkelesning. Den setter byen i et nytt perspektiv. Professor May-Brith Ohman Nielsen har med sin forskning og bok lagt mange alen til kunnskapen

om byen vår. Stoffet er tydeliggjort med lett forståelige graver, statistikker og gode illustrasjoner. Et litt mer omfattende bildemateriale kunne det nok ha vært.

Likevel vil den være for tung en murstein for folk flest, så her ligger en pedagogisk oppgave i folkeopplysningens tjeneste: En hundresiders utgave med dertil egnede illustrasjoner ville være en perfekt julegave.

I mellomtiden får vi la oss minne om disse dramatiske årene i byens historie hver gang vi retter blikket mot lasarettbygningene på Odderøya, når vi i båten tøffer forbi Bleggerøya med Bendiksbukta og Kjerregårdsbukta innenfor. For det var her de medisinske slag sto. Det var her Kristiansand gjorde sin store pionerinnsett i bekjempelsen av 17- og 1800-tallets store trusler mot europeernes liv og levnet. Slagordet «Kristiansand – Gateway to Europe», som Paul Otto Johnsen skapte i sin ordførertid, får et enda dypere innhold når denne nye kunnskap legges til. **Per Gundersen**

## Bøker frå Agder Historielag

### Årsskrift

Nr. 1-65 .....	UTSELDT!
Nr. 66-80 .....	kr. 50,-
Nr. 81 .....	kr. 190,-
Agder-bibliografien I og III.....	kr. 50,-
Bytingsprotokoll for Kr.sand 1670.....	kr. 50,-
Tingbok for Vestre Råbyggelag 1686....	kr. 50,-
Tingbok nr. 1 for Lista (1657-1660) ....	kr. 50,-
Odelsmantalet 1624 for Agder .....	kr. 50,-
Tingbok nr. 1 og 2 for Mandal Sorenskriveri (1677, 1684) .....	kr. 50,-

### Stortingsmann Ole Fuglestvedt

Uinnbunden .....	kr. 30,-
Innbunden .....	kr. 50,-

### Agders Historie 800-1350 Agders Historie 1840-1920 Agders Historie 1641-1723

350 kroner pr. stykk  
eller alle tre for kr. 1000,-. Fraktfritt.

### Sturla Ertzeid sin DVD

Pr. stk.....kr. 150,-

### Anetavleskjemaer

Medlemer får 20 stk. gratis. Ordinær pris pr. stk. ....kr. 1,-

Medlemer får 25 % rabatt ved kjøp for kr. 400,- eller meir.

Rabatten gjeld ikkje ved kjøp av Agders Historie.  
*Porto kjem i tillegg.*

Tinging til  
Agder Historielag,  
Postboks 136,  
4662 Kristiansand  
eller  
tlf. 97064485

eller e-post:  
kontakt@agderhistorielag.no



AGDER HISTORIELAG

# Agders historie

## Bind 3: 1641–1723

Dette bindet av Agders historie, skrive av Ingeborg Fløystad, gir ei mangesidig skildring av landsdelen og folket der i eit tidsrom då mykje nytt kom til.

1641 fekk Agder sin første by med grunnlegginga av Kristiansand ved eit kongepåbod av Kristian 4. I 1723 fekk Arendal og Risør også bystatus.

Frå 1600-talet er dei historiske kjeldene mykje rikare enn i tidlegare århundre, og betre enn før får vi kjennskap til egdene og korleis dei levde.


Boka er rikt illustrert.

**ISBN 978-82-90575-34-7**

**Kr 398,- 480 sider**

**Førmåt: 17 x 24 cm**

- *Styring og styringsmenn*
- *Folket*
- *Gardar og gardssamfunn*
- *Det daglege brødet*
- *Skogbruket*
- *Byvekst og handel*
- *Sjøfart*
- *Jernverk og gruvedrift*
- *Krav frå stat og styringsverk*
- *Materielle kår: hus og heim, klede*
- *Folket og livsførsla*
- *Undervisning og bokleg kunnskap*



www.medielag.no



**Boka kan tingast frå Agder Historielag, Postboks 136, 4662 Kristiansand.  
Telefon 97 06 44 85 E-post: kontakt@agderhistorielag.no**

✂ – Klypp ut – ✂

# Verv ein ny medlem

## Årskontingent kr. 250,-

### Ny medlem:

Namn: .....

Adresse: .....

Postnr.: ..... Stad: .....

Den nye medlemen får tilsendt årsskriftet til Agder Historielag, medlemsbladet Egde og prislite, i tillegg til informasjon om laget og innbetalingsblankett.

Den som vervar ein ny medlem kan velje eitt av skrifta under som vervepremie (kryss av):

- Tingbok for Vestre Råbyggelag 1686
- Eit årsskrift etter eige val (nokre er utselde, sjå prislite)
- Odelsmanntalet 1624 (kjeldeskrift)
- Kristiansand bytingsprotokoll nr. 1, 1670
- Mandal tingbok nr. 1-2, 1677 og 1684 (i ei bok)
- Stortingsmann Ole Fuglestvedt.
- Verv 3 nye medlemmer og få eitt eks. av Agdersoga (Agders Historie)

### Verva av:

Namn: .....

Adresse: .....

Postnr.: ..... Stad: .....

 **Agder Historielag**  
Lokalhistorie siden 1914

**SEND KUPONGEN TIL:  
AGDER HISTORIELAG  
POSTBOKS 136  
4662 KRISTIANSAND**